

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 29.09.2020**

**Torbjørn Vereide (A)** sette på vegner av A, PP, MDG, Krf, SV, V og Sp fram slikt forslag til fråsegn:

«Grep for sårbare grupper som lever under låginntektsgrensa

I 2017 fekk einslege minstepensjonistar i gjennomsnitt knapt 180 000 kroner i året i alderspensjon, medan låginntektsgrensa låg på cirka 220 000 kroner. Samstundes ser vi at over 100 000 norske barn lever i familiær som ligg under låginntektsgrensa. Konsekvensen for begge grupper blir ein redusert tilgang på både sosiale og livsnaudsynte rettar i kvardagen.

Sjølv om mykje av dette vert fatta utafor Vestland fylkeskommune sitt mynde, ser vi det likevel som eit viktig signal å peike på at dette er ein situasjon som er uhaldbar.

Vestland fylkeskommune ber difor regjeringa om å sikre betre økonomiske vilkår for minstepensjonistar og born i familiær som lever under låginntektsgrensa ved høstens budsjettbehandling. Dette kan gjerast gjennom ein meir rettferdig skattpolitikk, auka minstepensjon og tilgang på fellesgodene i samfunnet.»

### **Avrøyting**

Det var 64 medlemer til stades.

Vereide sitt forslag vart vedteke mot 21 røyster (H, Frp, 1 FNB, 2 SP).

### **Vedtak**

Grep for sårbare grupper som lever under låginntektsgrensa

I 2017 fekk einslege minstepensjonistar i gjennomsnitt knapt 180 000 kroner i året i alderspensjon, medan låginntektsgrensa låg på cirka 220 000 kroner. Samstundes ser vi at over 100 000 norske barn lever i familiær som ligg under låginntektsgrensa. Konsekvensen for begge grupper blir ein redusert tilgang på både sosiale og livsnaudsynte rettar i kvardagen.

Sjølv om mykje av dette vert fatta utafor Vestland fylkeskommune sitt mynde, ser vi det likevel som eit viktig signal å peike på at dette er ein situasjon som er uhaldbar.

Vestland fylkeskommune ber difor regjeringa om å sikre betre økonomiske vilkår for minstepensjonistar og born i familiær som lever under låginntektsgrensa ved høstens budsjettbehandling. Dette kan gjerast gjennom ein meir rettferdig skattpolitikk, auka minstepensjon og tilgang på fellesgodene i samfunnet.